



**PÅ SØLV GRUNN
EIT GRØNT ASKETRE**

Våpenet er godkjent av Askøy kommunestyre 28.9.1961 og er teikna av Magnus Hardeland. Motivet er utforma namneallegorisk etter Askøy og forestillar eit asketre som står på ei øy eller kolle med sjø (bøljeliner) framføre. Fargane er grønt og sølv.



5 KM

Det gamle ASKØY sokn frå 1741 høyrde før 1853 dels til Skjold dels til Herdla skipreide. Frå 1837 og fram til 1918 omfatta Askøy kommune den sørlege delen av Askøy og områda på fastlandet sør for Byfjorden.

Den nordlege delen av Askøy høyrde delvis til Herdla kommune: øya Herdla og den midtre delen av Øygarden, saman med nordre del av Holsenøya. I 1918 vart Askøy kommune delt, slik at Laksevåg vart eigen kommune. Ved revisjon av kommunegrensene i 1964 vart også dei nordlege områda innlemma i Askøy kommune, som då kom til å omfatta sjølve Askøya, Herdla og nærare 100 mindre øyar.

Strusshamn var kommunens administrasjonssentrum 1837-1956. Då overtok Kleppstø som kommunesenter.

Kleppstø, Øvre Kleppe, Florvåg, Erdal og Strusshamn/-Marikoven er blitt dei folkerikaste bygdene, medan dei gamle tettstadene Follese og Hetlevik har stagnert.

Etter krigen har Askøy hatt ein markert vekst i folketallet og har sidan slutten av 1960-åra vore den største landkommunen i Hordaland.

Alt før 1920 var industrien blitt viktigaste næringsveg, og stadig betre samband med Bergen har skapt eit aukande tal dagpendlarar, over 50 % av dei yrkesaktive. Det nye fastlandssambandet, Askøybrua som vart opna 12. desember 1992, har verka inn på dette. Askøy er prega av det nære naboskapet med byen. Her var det mange byborgarar som hadde landlege eigedommar og bygde seg staselege hus. □

ASKØY

Kommunen og prestegjeldet Askøy har namn etter Askøyna. Øya har namn etter garden Ask, som i sin tur er namngjeven etter treslaget ask. Det gamle namnet på øya var Fenring, kanskje av fen «blautlende, myr» (som i Fana) og ring om forma. Follese er usikkert, sisteleddet er kanskje eid. Også førsteleddet i Strusshamn er usikkert, mogeleg ligg gno. stútr «stut, okse» til grunn. Hop svarar til gno. hópr («innstengd» vik». Førsteleddet i Ramsøyna kan vera mannsnamnet Ravn eller plantenamnet rams. Til dei eldste stadnamna høyrer utan tvil Herdla. Kanskje har det tydinga «den fråskilde», det vil seia frå nordspissen av Askøya, eller kanskje også «stranden med rullesteinar».



«En stril». Teikning av Hans Dahl (kring 1880).

T.v.: «En Strusshamns Mælke Pige». J. Chr. Garnaas.



T.v.: Kartet viser dei omfattande endringane av kommunegrensene sidan mellomkrigstida i dette øyriket nordvest av Bergen – eit spegelbilete av saga om overgangen frå sjø til land.

